



Vår dato:

20.03.2023

Vår ref:

2022/8936

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

«Mottakernavn»

Saksbehandlar, innvalstelefon

«Adresse»

Halvor Røssum, 5764 3144

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Referat frå grunneigarmøte i Årdal kommune knytt til ei mogleg utviding av Jotunheimen nasjonalpark

Tid og stad:

Onsdag 18. januar 2023, kl. 1400 – 1600, Årdal kulturhus, Øvre Årdal

Til stades:

Statsforvaltaren i Vestland ved Eline Orheim (seksjonsleiar) og Halvor Røssum (rådgjevar, naturmangfaldseksjonen).

Grunneigarar: Kjell E. Eldegard, Ruth Marit Saur, Nils Midtun, Sveinung Haug, Toril Fuglesteg, Jo Fuglesteg, Jostein Holsæter, Øyvind Hjelle, Nils Eirik Moen, Svein Magne Hestetun, Runar Rueslåtten (Statskog), Roger H. Vetti.

Årdal kommune ved Jorunn Teigen Hellem (kommuneplanleggjar).

Formål med møtet:

Statsforvaltaren i Vestland ønskte å orientere grunneigarar i Årdal kommune om prosessen rundt ei mogleg utviding av Jotunheimen nasjonalpark. Grunneigarar med eideom i det aktuelle utgreiingsområdet vart invitert til møtet. Ved å få spørsmål og innspel frå grunneigarane ønskte Statsforvaltaren å finne ut kva moglegheiter og utfordringar grunneigarane ser ved eit mogleg vern. Desse synspunkta vil vere viktige i den vidare prosessen, der kommunen etter kvart skal si ja eller nei til om den ønskjer å starte opp ein verneplanprosess.

Referat:

Orientering frå Statsforvaltaren:

Statsforvaltaren orienterte om oppdraget vi har fått knytt til ei mogleg utviding av nasjonalparken og ei mogleg omgjering av verneform for delar av Utladalen landskapsvernombjøde, før vi presenterte dei naturkvalitetane og brukarinteressene vi kjenner til i området per no. Deretter vart den vidare prosessen skissert.



Ein verneplanprosess vil ikkje bli satt i gang utan at kommunen tek stilling til om den ønskjer dette eller ikkje. Ein viktig del av ein eventuell verneplanprosess er å innhente meir kunnskap om naturverdiar og brukarinteresser i området. Om kommunen seier ja til å starte verneplanprosessen kan den likevel seie nei til vern av området på eit seinare tidspunkt i prosessen. Ved eit eventuelt «nei» vil arbeidet med å utvide Jotunheimen nasjonalpark i Årdal kommune stoppe. Statsforvaltaren presenterte eit kart over det aktuelle utgreiingsområdet. Kartet illustrerer kva område som kan vere aktuelle for utviding. Å avgjere kvar grensene kan gå vil vere ein del av den vidare verneplanprosessen, dersom det er aksept for å starte dette arbeidet.

Presentasjonen som vart brukt under orienteringa finn du på Statsforvaltaren i Vestland sine heimesider: <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/innleiande-dialog-om-mogeleg-utviding-av-jotunheimen/>

På desse sidene finn du og meir utfyllande informasjon om prosessen og området.

Innspel, spørsmål og svar

Etter presentasjonen vart det opna for spørsmål og innspel frå dei frammøtte.

Ein grunneigar spurte om det berre er kommunen som skal gje sin aksept til oppstart av verneplanprosess, og om grunneigarane slik sett ikkje har noko dei skulle sagt om eit mogleg vern. Svar: I oppdraget er det lagt opp til at kommunen skal uttale seg i spørsmålet om lokal aksept, men at det i forkant skal vere ein lokal prosess med god involvering av grunneigarar. I dialogen som har vore mellom Statsforvaltaren og Årdal kommune, har kommunen understrekt at grunneigarane må bli hørt tidleg i prosessen, og at referat frå desse møta vil vere ein del av fakta- og vurderingsgrunnlaget kommunen vil nytte seg av når dei gjer vedtak om kommunal aksept eller ikkje. Statsforvaltaren støttar ei slik tilnærming.

Fleire grunneigarar hadde spørsmål om motorisert ferdsel i samband med vedlikehald av buer/stølshus vil vere lov. Til dette svara Statsforvaltaren at det i verneforskrifter ofte ligg inne dispensasjonsreglar som seier at ein kan søkje om å få lov til å transportere inn varer/utstyr til vedlikehald av buer/stølshus. Statsforvaltaren peika og på at det er mest aktuelt å trekke vernegrensene utanfor stølsområda.

Det kom innspel om at det blir stikka/køyrt skiløype mellom Murane og Åsete, og at det er ønskeleg at denne aktiviteten kan halde fram. Statsforvaltaren svara at dette er nyttig informasjon, og at det vil bli ein del av den vidare prosessen å finne ut korleis eit eventuelt verneområde vil påverke denne aktiviteten.

Ein grunneigar peika på at det kan bli aktuelt for Hydro å utvide straumlinene som går mellom Luster og Årdal, og spurte om korleis dette vil bli under eit eventuelt vern. Statsforvaltaren svara at vi ønskjer meir informasjon om aktuell trase for å kunne vurdere om denne oppgraderinga kjem i same område som ei mogleg utviding av Jotunheimen. Dersom det er snakk om det same området, blir dette blant dei tema vi må sjå nærmare på i utgreiinga.

Ein grunneigar trakk fram at det ikkje er lov å bruke el-sykkel på vegen inn til Vetti, og at det ville vere fornuftig å tillate dette. Statsforvaltaren svara at det går føre seg eit arbeid som kan føre til at det blir endringar i verneforskrifter knytt til bruk av el-sykkel og drone. Men, det er enda ikkje klart om dette vil medføre endringar for bruk av el-sykkel på vegen inn til Vetti, og kva tid dette eventuelt vil skje.



Det kom spørsmål om kvar Statsforvaltaren såg for seg at ei eventuell vernegrense skulle gå, og om den skulle følgje ei bestemt høgdekote eller ikkje. Statsforvaltaren svara at det vil vere naturleg å trekke grensa over både tregrensa og stølsområda, og at ei eventuell vernegrense nok ikkje vil følgje ei spesiell høgdekote. Synfaring med grunneigarar vil vere naturleg før ein bestemmer kvar vernegrensene skal gå. Ein grunneigar peika deretter på at tregrensa kryp oppover, og at sjølv om eit utvidingsområde ikkje inkluderer skog no, kan skogen trekke inn i området i framtida.

Det vart ytra ønske om at Statsforvaltaren gjekk meir i detalj på dei praktiske skilnadane mellom restriksjonsnivået i ein nasjonalpark og i eit landskapsvernombord. Statsforvaltaren svara at det er verneforskrifta i det enkelte verneområde som avgjer restriksjonsnivået. Det er likevel nokre generelle skilnadar på nasjonalparkar og landskapsvernombord. Landskapsvernombord blir brukt for å ta vare på kulturlandskap i aktiv bruk, medan nasjonalparkar i større grad inneheld landskap utan tekniske inngrep. I verneforskrifta for Utladalen landskapsvernombord ligg det inne ein del dispensasjonsreglar knytt til skjøtsel av kulturlandskapet. Grunneigarane ville vite meir konkret skilnadane mellom forskriftene for Utladalen landskapsvernombord og Jotunheimen nasjonalpark. Statsforvaltaren og grunneigarane vart einige om å få ein jurist til å sjå på dette, og presentere det for grunneigarane på eit seinare møte.

Grunneigarane var einige om at det viktigaste spørsmålet å få avklart er kva praktiske konsekvensar eit eventuelt vern vil føre med seg, særleg knytt til tilkomst og bruk av stølar/hytter, og ytra difor ønskje om å ha eit nytt møte der Statsforvaltaren presenterer eit meir konkret forslag til kvar vernegrensene kan gå, og kva praktiske konsekvensar dette vil medføre. Det vart avtalt at Statsforvaltaren kallar inn til eit slik møte i løpet av vårhalvåret '23 (før kommunen skal avgjere om den gir aksept til oppstart av verneplanprosess), og at det bør sendes ut agenda/møteplan før dette møtet slik at grunneigarane kan førebu seg.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Halvor Røssum
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

**Mottakerliste:**

Ruth Marit Saur	Storevegen 59	6884	ØVRE ÅRDAL
Toril Fuglesteg	Fardalsvegen 398	6884	ØVRE ÅRDAL
Jo Inge Fuglesteg	Fardalsvegen 398	6884	ØVRE ÅRDAL
Roger Helge Høgseth Vetti	Holsavegen 609	6819	FØRDE
Svein Magne Hestetun	Storevegen 63	6884	Øvre Årdal
STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS
Jostein Holsæter	Fardalsvegen 375	6884	ØVRE ÅRDAL
Øyvind Hjelle	Hartmanns Vei 38 C	0284	OSLO
Nils Eirik Moen	Moa 11	6884	ØVRE ÅRDAL
Kjell Erik Eldegard	Flotavegen 6 A	6884	ØVRE ÅRDAL
Sveinung Haug	Fardalsvegen 508	6884	ØVRE ÅRDAL
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Nils Midtun	Farnesvegen 58	6884	ØVRE ÅRDAL